

Fram for lokalhistorie, som historisk refleksjon

Av Ingar Kaldal

Eg skal skissere kort noen tankar om korleis eg meiner lokalhistorie kan drivast for å gi nye avlingar i framtida. Da trengst først noen ord om gamle kyr. Noen av dei kan vise seg å ha vorte både dårlige til å melke, og heilage.

Lokalsamfunn, totalitet og identitet

«Lokal» er eit magisk ord i språket vårt. Kan ein grunngi eit forslag med at det gagnar noe «lokalt», blir det i mange samanhengar sett som grunngitt godt nok, slik at vidare diskusjon er overflødig eller føyntes. I andre tilfelle blir «lokalt» like automatisk tenkt på som negativt, som innestengd og bakstreversk. Det magiske blir gjerne ekstra sterkt når betydninga er dobbel. I samband med lokalhistorie handlar det helst om den positive sida.

Til «lokal» er det ofte knytta fleire andre verdiuttrykk, som nærmiljø, desentralisering og lokalsamfunn – for ikkje å seie bygd, grend (og gatetun) og dugnad. I tråd med dette har vi lett for å slå oss til ro med at vi har å gjøre med eit lokalsamfunn når vi innan eit (lite) geografisk område finn at folk har levd tett og nært saman, og miljøet har vore prega av sterk indre fellesskap og klår ytre avgrensing, det siste gjerne også mot sentralmakta. Dette er tenkemåtar som har vore viktige for lokalhistoria, og som bør problematiserast.

1. Programmet om å skrive lokalhistorie på «lokalsamfunnets egne premisser» vart laga midt i ei populistisk bølgje i 1970-åra, der liknande lokalverdiar i flere samanhengar var sett nærmast som premissar i den offentlige debatten. Så lenge dei framleis er viktige og sterke, er det ingen grunn til å tru at dei ikkje vil gi næring til mye lokalhistorie også i framtida. Men å gjøre det til program å la det «lokalsamfunnet» måtte stå for av «interesser og behov», vere premissar for kva og korleis ein skal skrive lokalhistorie, er lite fruktbart¹. Det er betre eigna til å hemme enn til å fremme lokalhistorie som nytenkande og kritisk historisk refleksjon.

For det første bygger programmet på at «lokalsamfunnet» nærmast pr definisjon er kjenneteikna av felles «interesser og behov». For det andre bygger det på at lokalsamfunn er fellesskap med visse evner: til å tenke ut noe så alvorlig og viktig som premissar for historieskriving. Alle veit at lokale som andre samfunn gjerne rommer mangfold av ulike og motstridande interesser. Sjøl det mest avgrensa, isolerte og tette lokalsamfunnet kan vere fullt av verdiforskellar, posisjonering, makkamp og dominans². Om ein så likevel skulle treffe på eit lokalsamfunn der det blir uttrykt ei samstemt og eintydig oppfatning om korleis lokalhistoria bør skrivast, burde det hos historieskriven heller kalle på kritisk ettertanke enn på glede over å ha funne «premissane».

Trulig bør vi slutte å snakke om lokalsamfunn som om sterk indre fellesskap, nærheit, stabilitet, orden og heilskap er det som gjer dei til «lokalsamfunn»³. Viss ikkje bør vi slutte å snakke om lokalhistorie som om det er ved å handle om «lokalsamfunn» at ho blir lokalhistorie. For slik lokalhistorie vil lett komme til å leite etter og stadfeste det ein har bestemt seg for på førehand. I staden for å gjøre trekk som t.d. tett og nær fellesskap til førehandsbestemte kjenneteikn ved lokalsamfunn, bør ein gjøre dei same trekka til tema for historisk oppdaging og utforsking. Lokalhistorie bør som anna historie handle om å finne ut bl.a. korvidt og korleis fellesskap og indre orden *eventuelt* har vorte skapt – eller ikkje.

2. I forlenginga av vanlige tenkemåtar om «lokalsamfunnet» ligg det ofte også forventningar om at lokale samfunn skal kunne studerast som lokalt avgrensa totalitetar. Og lokalhistorie blir av og til omtalt som om ho er meir ekte lokalhistorie om ho har heile lokalsamfunn som emne, eller synsfelt.

Aldri er det slik at alt som finst i eit lokalt samfunn, eller alle sider ved det, for det første heng saman, og for det andre heng saman som delar av eit lokalt heile. Derfor er det også grunn til å vere skeptisk når ein får høre at ei bygdebok eller byhistorie er ei totalhistorie. Ho vil alltid vere prega av eit utval av det historikaren finn viktig nok til å ha med i eit «totalbilde». «Totalhistoriene» er aldri totale, og oppfatningane om kva som bør med i eit «totalbilde», er i historisk endring.

No handlar ambisjonen om totalhistorie aldri, velvillig tolka, om at alt som har skjedd, må vere med, men om perspektiv, at eit perspektiv på samfunnet som eit heile må til for å forstå delane. Alt ein skriv historie om, bør sjåast «i sine samfunnsmessige samanhengar». Men dei samanhengane treng for det første ikkje å bestå av ein totalitet. For det andre er det i så fall sjeldan fruktbart å la den «totaliteten», viss det er snakk om perspektiv, bli avgrensa til lokalsamfunnet.

Sjøl om det skulle vere mulig å skrive lokalsamfunnshistorie som oppfylte alle rimelige krav til «totalitet», kan ein også spørje seg om det nødvendigvis ville vere meir, eller betre, lokalhistorie, enn om ein siktat framstillinga inn mot utvalde tema. Det bør ikkje sjåast som mindre lokalhistorisk verdifullt eller ambisiøst å skrive lokalhistorie om spesielle tema eller forhold, gjerne slike som har vore viktige i eit bestemt lokalt område, og som derfor let seg skildre best *der* (svært mye litteratur som blir sett som ekte lokalhistorie, og som fyller årbøkene, handlar om hendingar, personar og enkeltfenomen i bygda, eller byen). I analysen av lokale enkelttema eller -problemstillingar, såvel som av lokale samfunnseiningar, bør perspektivet vere vidt og ope, og ikkje begrensa til det lokale.

3. «Lokalsamfunnet» blir ofte også tenkt på som noe å identifisere seg med, og lokalhistoria blir gjerne tillagt oppgåva å skape eller styrke slik identitet. Noen ser identifikasjon med fortidige menneske som viktig for å leve seg inn i måten deira å tenke og handle på, slik at ein lettare skjønner det dei gjorde. Men når det blir sagt at lokalhistorie er viktig for å gi folk identitet, er identifikasjonen eit mål i seg sjøl. Da handlar det om å gje lesarane kjensler av noe å høre til, og da noe lokalt, gjerne «lokalsamfunnet». Det siste reiser spørsmålet om det ikkje enda ein gong handlar om ein tendens til å tenke på det lokale, og dermed på lokal identitet, som meir felles og eins enn den ofte har vore. At det er alment menneskelig å leite etter identitet, kan hende. Men menneske som lever i lokale samfunn (kven gjer ikkje det), treng ikkje nødvendigvis utvikle lokal identitet. Og i fall dei gjer det, treng den ikkje vere felles, eller retta mot «lokalsamfunnet» (når eg tenker på mine lokale røter, tenker eg på elva, huset, mormor – ikkje på «lokalsamfunnet»). Kvifor skulle den nødvendigvis vere det – anna enn for å skape lokalt samhald og fellesskap? Finn ein at eit lokalsamfunn har vore dominert og diktert av kvinner, medan mennene har vore kua og haldne utanfor i det same samfunnet, er det vel ikkje lokalhistoria si oppgåva å fortelje mennene at dei bør identifisere seg med «lokalsamfunnet» som fellesskap, eller med ei «felles lokal fortid». Korvidt folk har lokal identitet eller ikkje, og korvidt den er felles og ein, er noe lokalhistorikaren bør finne ut, ikkje ta for gitt. Heller ikkje lokal identitet er genetisk nedfelt, men historisk skapt gjennom sosiale og kulturelle prosessar. Desse prosessane bør lokalhistoria studere.

Lokalhistoria har henta mye energi frå førestillingane om at det er lokalt vi helst søker etter røter, og i våre dagar *har* folk verkelig gjort det mye. Men i staden for å sjå det som si oppgåve å stadfest og styrke den trangen, burde lokalhistorie vere nettopp staden der ein kan studere historisk korleis det verkelig vart slik, korleis og kvifor trangen til identitet i våre dagar er vorte så sterkt knytta til det lokale. Sjølsagt er trangen til å kjenne og ta vare på røter, kulturarv og identitet viktig når vi driv med historie. Men viss ein i så måte skulle tillegge lokalhistorie «oppgåver», burde det først og fremst vere å oppdra til historisk refleksjon. Da kan det hende bildet av identiteten både som lokal, felles og heil blir modifisert eller nyansert, utan at noen tek skade av det. Viss historie skal skape identitet, kan det heller ikkje gjelde lokalhistorie meir enn andre delar av faget. Dessutan: oppgåva bør vere å stimulere refleksjon omkring dei historiske sjølbilda vi har same kva og kor dei «hører til». Gjer ein *det*, er det sjølsagt ikkje gale om historisk lesing gir identitet, tvert imot.

Lokalhistorie er vorte sagt å ha ein «funksjon som lokalsamfunnets sement, det som binder individene til en felles fortid og dermed til hverandre»⁴. Sement kan forsteine. Litt dynamitt i lokalforsteininga kunne vel også av og til gjere godt? Misforstå ikkje, lokalhistorie bør ikkje sjå som si oppgåve å spreng lokalsamfunn, like lite som ho må skape kjærleik til dei. Er kjærleik likevel er ein grunn til å drive med historie, og det er den, så er det vel slik at den ein elskar, tuktar ein? Eller

meir sivilisert: den ein er verkelig glad i, diskuterer ein det meste ope og kritisk med. Kjærleik til det lokale utan open kritisk refleksjon kan bli overflatisk, og ulykkelig.

Noen forslag til lokalhistorieskrivinga i framtida

Argumentasjonen ovanfor er til å ta konsekvensar av. Det vil sjølsagt ikkje seie å gi opp lokalhistoria, men å gjere ho meir reflektert over sitt eige grunnlag, og meir ambisiøs når det gjeld å grave fram og formidle nye og kritiske historiske innsikter.

Når det gjeld definisjonen av lokalhistorie, som for noen verkar viktig for å skilje «ekte» frå «uekte», ser eg lite grunn til å operere med ei rekke kriterium der den historia som oppfyller flest av dei, blir mest lokalhistorie. Fleire slike kriterium blir ofte nemnt: at initiativet skal komme frå lokalsamfunnet, at tema skal vere lokalsamfunnet som fellesskap eller som totalitet, at historikaren samarbeider med lokale historielag, at resultata og innsiktene blir formidla til dei det handlar om, eller vedkjem. Bortsett frå det siste, som er viktig i *all* historie, ser eg ingen grunn til å oppretthalde noe av dette som *kriterium* på kva som er lokalhistorie og ikkje (det betyr ikkje at eg har noe imot lokale initiativ, eller samarbeid med lokale krefter, tvert imot, begge delar er både viktig og nyttig, poenget er at det ikkje har noe for seg å gjere slike forhold til definitoriske kriterium). Etter den kritiske drøftinga ovanfor av banda mellom lokalhistorie og «lokalsamfunn» som ideologi, kan fleire av dei nemnte kriteria like gjerne komme til å hemme som å fremme lokalhistorisk nytenking. Eg vil foreslå følgjande vide og opne definisjon, utan tilleggsriterium – som mest eigna seg til ufruktbar ekte-uekte-rangering: Lokalhistorie er forsking og formidling om historiske prosessar i lokale kontekstar.

Før eg går vidare på det, trengst ein kommentar til formidlingsspørsmålet: der bør i grunntrekk dei same «premissane» gjelde som i all historieskriving, at ein skriv språklig og pedagogisk forståelig for dei ein vil nå fram til. Og sjøl lokale lesargrupper kan vere svært forskjellige i sine føresetnader og interesser i så måte. I lokal som i anna historie burde ein utan problem kunne ha fleire publikum i tankane – språket, omfanget og framstillingsmåten kan ikkje vere likeins i læremiddelheftet for barneskolen, artikkelen i historielaget si årbok og i rapporten frå den vitskaplige granskninga av t.d. utvandringa frå bygda – heller ikkje den siste skal ein ta for *gitt* ikkje kan lesast av interesserte lekfolk, sjøl lokale. Ta for gitt skal ein heller ikkje at den lokale lesaren er utan historisk skolering, eller utdanning. At berre den historia som er skriven for *alle* i det samfunnet det er i frå, skulle vere ekte lokalhistorie, er enda eit ufruktbart kriterium. Da vil både lokalhistorieheftet for barneskolen og den tunge avhandlinga falle utanfor. Det skulle forresten ikkje vere vanskeligare å snakke om forsking og formidling i lokalhistorie enn i anna historie. At det er berre som formidla og breitt lese lokalt at ei lokal historie blir lokalhistorie, inneber berre å sette forskinga utanfor som «uekte» – trist no som vi har fått vitskaplige stillingar knytta til lokalhistorie. Det desse forskarane formidlar berre til fagellar og andre skolerte, kan ikkje definerast bort frå lokalhistoria – men sjølsagt bør dei som andre historikarar kjenne plikta si til å vere aktive i å fortelje offentlig kva dei har funne ut.

Eit poeng til om forholdet til lesarane: Lokalhistorikarar bør slutte å snakke om lesarane sine einsidig som «dei lokale». Sjøl om det er flott at flest mulig av dei som ei historie handlar om, les ho, har alle historieinteresserte òg godt av å lese «andres» historie, også lokalhistorie. Og da tenker eg ikkje berre på det store publikumet lokalhistoria alt har blant utflyttarar som kjøper eller får i julegåve lokalhistorie frå heimstaden (dei hører kan hende med i gruppa «lokale lesarar» – i kor mange generasjoner etterpå gjer etterkommarar av utvandrarane det?). Lokalhistorikarar bør slutte å tenke på publikumet sitt som nærmast pr definisjon interessert i historie berre frå «sitt» lokale miljø (og tru at dei ut av anna historie kanskje helst les det som noe misforstått blir kalla «allmenn» historie – i motsetning til lokal!). Denne tenkemåten bør sprengast av fleire grunnar: Det er å førehandsvurdere lesarane som heimelokale i si lokalhistoriske interesse. Det kan (i tillegg til å vere dårlig gjort) verke sjølforsterkande, både fordi det lett gjer det «naturlig» å ikkje vere interessert i lokalhistorie frå fleire stader (som ein *historisk* interessert trulig er), og fordi ein lett glømmer å prøve å selje lokalhistorisk litteratur til «andre» (anna enn turistar da, sjølsagt). Enda ein gong handlar det om sjølpålagnivellering av lokalhistoria sine ambisjonar.

Så noen punkt om kva potensiale eg ser i den lokale historia når det gjeld å gi oss alle betre historisk forståing.

1. Når ein retter soknelyset mot lokale kontekstar, fell det lettare enn i mye anna historie å få auge på korleis dei historiske prosessane har vore samansette, mangfaldige og komplekse, og ikkje minst å la dei framstå som det. I historiefaget elles har det skjedd mye spesialisering og oppdeling, i «bindestreksdisiplinar». Ved at lokalhistoria handlar om små einingar, ber ho i seg rike sjansar til å sjå i samanheng sider ved dei historiske prosessane som elles lett blir tema for enten sosial, økonomisk, politisk eller kulturell historie, som avgrensa spesialfelt. Lokalhistoria har eit godt utgangspunkt for å gripe korleis fleire sider verka saman, ofte i finurlige kombinasjonar og samanvevingar som det elles kan vere vanskelig å få auge på når blikket er retta mot store einingar. Det er også gjerne i møtet mellom krefter og strømningar på fleire plan at det oppstår historisk endring. Poenget er ikkje at slike møte nødvendigvis er lokale, men at dei ofte nettopp der let seg studere på ekstra nært hald, slik at ein får fram nøyaktigare og tydeligare korleis dei kan ha verka. I lokale kontekstar møtest krefter og prosessar som ikkje let seg avgrense lokalt. Verdien med likevel å studere dei lokalt, er at ein da kan komme nært innpå dette møtet mellom ulike strømningar, både lokale og ikkje-lokale. Her bør perspektivet vere vidt og ope, ikkje avgrensa til ein lokal totalitet, men retta mot det som er relevant å trekke inn, same kor mye det måtte henge saman med utanomverda eller ikkje. Dette er eit program for kontekstualisering på kryss og tvers mellom ulike sider ved samfunnet som verken avgrenser perspektivet til det lokale eller siktar mot «totalitet». Derfor blir det både meir realistisk (og audmjukt) og meir ambisiøst som program enn «totalhistorie».

2. I forlenginga av dette er det på sin plass å peike på lokalhistoria sitt potensiale også som felt å utvikle tverrfaglige prosjekt på. Innan lokale felt ligg forholda til rette for å studere i samanheng tema som elles har lett for å bli spesialfelt for etnologar, antropologar, arkeologar, statsvitarar, økonomar, kulturforskarar og historikarar. Her er det berre fantasien som set grenser for kor mye eksperimentelt som kan gjerast i å møtast til lokale studiar på tvers av faggrensene. Det som alt finst av erfaringar frå prosjekt der fleire historikarar har samarbeidd om å utforske det same lokalmiljøet, bør i enda større grad enn før kunne førast vidare som eksperiment der ein prøver ut nye kombinasjonar av fleirfaglige perspektiv og metodar. Lokalhistoria skulle ha gode føresetnader for å ligge i framkant når det gjeld å vidareutvikle den veksten i tverrfaglig orientering som for lengst har vore i gang i mange år no innan delar av historiefaget.

3. Eit tredje potensiale lokalhistoria godt kan utvikle enda sterkare enn før, er det lange tidsperspektivet. Når eininga blir lita, blir det også lettare å følgje dei historiske prosessane over lang tid utan at ein mister det samansette og komplekse av syn. Såleis bør lokalhistoria også kunne fortelje oss meir om endringar som skjer sakte, og ofte umerkelig, og som elles lett blir borte enten fordi tidsperioden er for kort, eller fordi eininga er så stor at dei små, men ofte betydelige, detaljane forsvinn av syn. Med lange tidsperspektiv blir det også lettare å avgjere korvidt dei små, ofte tilsynelatande trivielle detaljane, som gjerne kjem fram når lupa blir stilt inn mot små einingar, likevel kan ha hatt betydning, eller kan fortelje noe viktig.

4. At «lokalsamfunn» ikkje bør tenkast som kjenneteikna av fellesskap pr definisjon, som noe ein bestemmer seg på førehand, inneber sjølsagt ikkje at lokalhistorie skal unnlate å handle om fellesskap – der ein finn det. Poenget er at ein i iveren etter å bidra til det gode lokalsamhaldet, kan ha lett for å leite etter det som harmoniserer, det som stadfester ønsket om at her i kommunen hører vi saman, og har alltid gjort det. Lokalhistoria må bli dristigare til å ta opp spørsmål om både makt og maktbruk, og om sosiale og kulturelle forskjellar og konfliktar. Når lokale fellesskap har oppstått, har det ofte skjedd som organisering av «fleirkulturelle fellesskap». Kva kan vi ikkje i vår tid sine problem med å få det til, lære av korleis folk i tidligare tider har løyst eller ikkje løyst problem med at dei som levde saman i lokale samfunn, sto for forskjellige kulturar – for det har folk ofte gjort sjøl i mange elles både fredelige og trivelige lokalsamfunn. I så fall må vi ikkje ta «fellesskap» for gitt, men undersøke korvidt og korleis dei er vorte skapte.

5. Når ein vil skrive lokalhistorie, er dragninga som sagt sterk i retning av å leite etter einingar som har verka som «lokalsamfunn». Ein slær seg lett til ro viss ein i leitinga etter geografiske avgrensingar

finn ei grend, ei bygd, ein by, eller ein avgrensa bydel – særlig der livet har likna grenda. Etter at eg hadde studert endringar i arbeid og miljø i to fabrikkar der mye av livet gjekk føre seg innan lokale miljø som i ein lang periode var prega av både indre orden og stor grad av ytre avgrensing, skulle eg skrive om bykultur i Trondheim. I staden for å leite etter eit kvartal eller ein bydel der livet kunne studerast som eit avgrensbart heile, fall det her meir fruktbart å sette sokelyset på stader i byen som ikkje hadde verka som avgrensa og heile einingar, men som møtestader (undervegs har eg òg kjent lengt etter «grenda»). I eit tredje prosjekt, om skogsbygdskultur, er det tanken å ta for seg eit miljø langs ei elv som krysser ikkje berre kommunegrenser, men landegrensa mellom Noreg og Sverige. Lokalhistorikarar bør eksperimentere meir med nye måtar å avgrense historiene sine på. Da vil ein også få fram nye sider med korleis folk har levd saman – og ikkje. Noen spørsmål let seg også berre belyse ved å følgje dei på tvers av grenser, utan at historia treng å bli mindre lokal av den grunn.

Så vil noen spørje: korleis skal ein få kommunar til å betale historieskriving der eininga ikkje er kommunen? (Poenget her er sjølsagt ikkje å slutte å skrive historie om kommunar). Kva om ein fekk kommunane omkring Trondheimsfjorden til å spleise på å få skrive Trondheimsfjorden si historie, med sokelys mot den økonomiske og kulturelle utvekslinga som der har skjedd, eller kan hende med jektenæringa som emne. Skulle ikkje kommunar ville betale for slike prosjekt, så bør noen likevel skrive slik historie – da kan ein få vist kor spennande det kan vere å lese om både korleis livet i «mi» bygd var prega av ein fjord, og korleis det kan ha variert rundt fjorden. Det er ingen grunn til å leite etter faste standardkriterium for korleis ei historie bør avgrensast geografisk for å bli godteken som lokal. Blir lokalhistoria einsidig «kommun-istisk» avgrensa, blir ho også lett einsfarga – grå.

6. Ein bør dyrke mangfaldet og nytenga også i val av tema og problemstillingar. Det gjeld når ein skriv kommunehistorie, der òg kan ein eksperimentere meir med nye innfallsvinklar. Vidare bør ein vere dristig til å ta opp nye spørsmål som handlar om bestemte tema som har utspelt seg i lokale miljø. Her bør ein stimulere nydanning og vekst i det mangfaldet lokalhistoria alt har tradisjon for å dyrke. Dukker ein langt nok ned i historia om den eine lokale hendinga, godgjerninga, institusjonen, arbeidsplassen, yrket, stridsspørsmålet eller personen (og da såvel vaskekona som gamalpresten), kan ein vanskelig unngå å få fram viktige sosiale og kulturelle samanhengar og betydningar. Slik historie bør ikkje berre underordnast «større» prosjekt om «lokalsamfunnet», men heller stimulerast til dristigare påfunn av stadig nye tema, og til større ambisjonar om kontekstualisering (jmfr pkt 1).

7. Noen burde i lokalhistoria rette sokelyset også mot «lokalhistoria», fordi ho sjøl er med på å skape førestillingar om kva som er felles og verdt å identifisere seg med for folk som bur ein stad, og fordi ho har vore med på å definere og bygge lokalsamfunn. Lokalhistorie er sjøl ei kulturell verksemد som det mange stader er bruk mye pengar og krefter på, ofte med nettopp det siktet å sveise folk saman lokalt. Her tenker eg ikkje berre på kor viktig det er å skrive om lokalhistorie som forskingshistorie, historiografi, men like gjerne som lokal litteraturhistorie, og ikkje minst kulturohistorie. Det siste burde vere interessant for den som vil forstå korleis «det lokale» ikkje berre har variert i styrke, men vorte gitt varierande innhald – geografisk og over tid. Korleis har lokale historieforteljingar hatt ulike heltar (og skurkar)? Korleis har lokalhistorie vore brukt, og korleis har det variert? Her finst også mye som kan fortelje om haldninga til sentralmaktene, og til det nasjonale. Vidare: Kva for metaforar og forteljemåtar har vore i bruk når «det lokale» eller bygda (og byen) sine historiske sær preg og utviklingstrekk er vorte skildra i lokale historier. Kva fortel det om kodar og betydningar i dei lokale kulturane, og t.d. om kulturell dominans? Også folkloristar burde her finne rikt materiale til å analysere korleis det lokale er vorte overlevert gjennom historieforteljing. Her ligg eit uuttømmelig felt for lokalhistorisk sjølrefleksjon.

Konklusjon: Viss lokalhistoria gjer seg uavhengig av lokalistiske premissar kan ho få eit meir sjølstendig og spennande liv som historisk refleksjon. Da kan ho utfalte seg friare som den lærerike og tankevekkande historia ho kan vere. Først da kan ho bli den uehemma oppdagingsreisa der vi er i stand til å ta med oss det vi finn på vegen – same kor mye eller lite det tilfredsstiller trua på det lokale og trongen til å styrke lokal identitet. Ei slik lokalhistorie har alt å vinne, og lite å tape – anna enn ein del illusjonar. Og: er det ikkje slik historie lokalhistorierørsla ønsker seg for framtida?

Notar

- 1 Ein meir utdjupa kritikk av dette programmet enn det kan bli plass til her, står i Ingar Kaldal: Faget og folket. Ulykkelig kjærleik og ødeleggande krangl. I: *Heimen* 1/1989, der finst også fleire referansar til debattliteraturen enn det er plass til å ta med her.
- 2 Ein kritikk av lokalsamfunnsbegrepet som er på line med mine poeng her, finst i Fredrik Barth: *Manifestasjon og prosess*. Oslo 1994 s. 28f.
- 3 Slik Nils Aarsæther t.d. gjorde i artikkelen om «Lokalsamfunn» i *Pax-leksikon*. Bind 5. Oslo 1980.
- 4 Jan Eivind Myhre: Verdien ved lokalhistorie. I: *Heimen* 4/1994. s. 227.

I arbeid for lokalhistorie og kulturvern

Landslaget for lokalhistorie 75 år 1920-1995

Landslaget for lokalhistorie

Trondheim 1995